# Innbyggjarundersøking Kommunereforma

Undersøkinga er gjennomført for Kviteseid kommune

Opinion AS

Mai 2016

# Kort om undersøkinga

- **Bakgrunn og mål:** Kartleggje haldningar og kunnskap knytt til kommunereforma blant innbyggjarane i Kviteseid kommune
- **Oppdragsgjevar:** Kviteseid kommune
- **Kontaktperson:** Øystein Tveit, rådmann
- **Målgruppe:** Representativt utval av innbyggjarane (16 år+)
- **Talet på respondentar** (n=): 300
- **Metode:** Telefonundersøking (CATI)
- **Vekting:** Resultata er vekta på kjønn og alder
- **Tidspunkt for datainnsamling:** 3. – 11. mai 2016
- **Feilmargin:** Sjå feilmargintabell side 5
- **Spørjeskjema:** 3 hovudspørsmål, 3 bakgrunnsspørsmål
- **Ansvarleg konsulent**: Henrik Høidahl, hh@opinion.no, tlf. 992 61 015




Kilde: https://snl.no/Kviteseid

# Kommunereforma

Kommunesamanslåing har stått på agendaen dei siste åra. Det er 50 år sidan siste kommunereform og mykje har skjedd når det gjeld oppgåver og ansvar sidan den gong. Stortinget har gjett tilslutning om å gjennomføre ei ny kommunereform som skal gje ny kommunestruktur og nye oppgåver til kommunane. Målet er større og meir robuste kommunar. Dette blir rekna som nødvendig for å møte morgondagen sine utfordringar og stadig aukande forventningar hjå innbyggjarane.

Ei innbyggjarhøyring, som verktøy i kommunereforma, vil…

1) Gje innspel og kunnskap, blant anna til dei folkevalde, om kva innbyggarane i kommunen er opptekne av og kor dei kjenner tilhøyring
2) Identifisere synet til innbyggjarane på kommune-samanslåing
3) Føre til auka merksemd om kommunereforma og heve innbyggarane sitt engasjement rundt reforma

I denne rapporten er resultata på hovudtalsnivå (totalbasen) lagt inn i grafane. For nedbrytingar på bakgrunnsspørsmål viser vi til resultattabellar i Excel.




Kilde: https://snl.no/Kviteseid

# Om undersøkinga

<u>Samansetting av utvalet og representativitet</u>

- Målgruppa, 16 år og eldre, kan identifiserast i sentralt befolkningsregister
- I kvart område av kommunen blir det trekt eit tilfeldig utval, der alle har same moligheit til å bli valt
- Utvalet blir med andre ord tilrettelagt ved sannsynsutval
- Utval blir trekt på postnummer
- Dette gjev eit godt og representativt utval i tettstadane
- Vidare blir det vekta på kjønn og alder slik at utvalet i undersøkinga speglar folkesamansetnaden i kommunen



<u>Kontrollrutinar</u>

- Samarbeidspartnar på datainnsamling, Norstat Norge AS, og Opinion AS har gode kvalitetsrutinar for å avdekkje skeivheiter i utvalet og eventuelle feil i samband med datainnsamlinga. Desse rutinane inkluderer:
  1. Rett rekruttering/opplæring av intervjuarar
  2. Innlytting/vegleiing gjennomført av spesialopplærde vegleiarar/intervjuleiarar på produksjonsstaden
  3. Dialerstatistikk på kvar intervjuar si arbeidstid, inkludert gjennomsnittleg intervjutid, talet på fråfall og pålogga tid
  4. Kontroll av svarmønster på intervjuarnivå, der det blir fokusert på eventuelle avvik i svara som er gitt
  5. Minst mulig grunnlag for at intervjuar skal kunne påverke utval av respondentar
  6. Råmaterialet er gått nøye igjennom før vekting av data, vidare bearbeiding og rapportering








# Feilmargintabell

Alle undersøkingar har feilmarginar. Feilmarginane heng saman med statistisk uvisse. Dette er skeivheiter i utval, som medfører at utvalet ikkje er identisk med universet eller målgruppa. Skilnadar kan knyte seg til bestemte kjenneteikn eller åtferd.

Feilmarginane ved ulike utvalstorleikar og prosentresultat ved 95% signifikansnivå er synt i tabellen til høgre.

Ved ein base på 300 (n=300), der vi har ein populasjonsstorleik på ca. 2017, kan vi med 95% sannsyn seie at det korrekte resultatet ligg innanfor ± 2,3 og ± 5,2 prosentpoeng, avhengig av prosent-resultatet sin storleik. Uvissa er størst ved eit prosentresultat på 50% og minst ved prosentresultat på 5%/95%.

| | **Prosentresultat** | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | **5,0 %** | **10,0 %** | **15,0 %** | **20,0 %** | **25,0 %** | **30,0 %** | **35,0 %** | **40,0 %** | **45,0 %** | **50,0 %** |
| **Utvalsstorleik** | | | | | | | | | | |
| **100** | 4,2 % | 5,7 % | 6,8 % | 7,6 % | 8,3 % | 8,8 % | 9,1 % | 9,4 % | 9,5 % | 9,6 % |
| **150** | 3,4 % | 4,6 % | 5,5 % | 6,2 % | 6,7 % | 7,1 % | 7,3 % | 7,5 % | 7,7 % | 7,7 % |
| **200** | 2,9 % | 3,9 % | 4,7 % | 5,3 % | 5,7 % | 6,0 % | 6,3 % | 6,4 % | 6,5 % | 6,6 % |
| **250** | 2,5 % | 3,5 % | 4,1 % | 4,6 % | 5,0 % | 5,3 % | 5,5 % | 5,7 % | 5,8 % | 5,8 % |
| **300** | 2,3 % | 3,1 % | 3,7 % | 4,2 % | 4,5 % | 4,8 % | 5,0 % | 5,1 % | 5,2 % | 5,2 % |

# Utvalet i Kviteseid kommune, 16 år+, n=300

**Kjønn**




**Alder**




**Valkrets**



# Om det IKKJE BLIR kommunesamanslåing
# Korleis vil kommunen løyse desse oppgåvene?

**1. Korleis trur du kommunen vil løyse desse oppgåvene <u>om det ikkje blir kommunesamanslåing</u>?Skala frå 1 – 5, der 1 betyr «Mykje dårlegare», 2 «Noko dårlegare», 3 «Som i dag», 4 «Noko betre» og 5 betyr «Mykje betre» (+ «Veit ikkje»). Dei kommunale oppgåvene er:**

**Gjennomsnittsverdi:** 1,00 om alle hadde svart mykje dårlegare, 5,00 om alle hadde svart mykje betre (3,00 er midtpunktet)




*Tal i prosent, n=300*
*Oppgåver lest i tilfeldig rekkefølgje*
*Sortert på «Mykje betre» (verdi 5-1)*

# Om det BLIR kommunesamanslåing
# Korleis vil kommunen løyse desse oppgåvene?

**2. Korleis trur du kommunen vil løyse desse oppgåvene <u>om det blir kommunesamanslåing</u>? Skala frå 1 – 5, der 1 betyr «Mykje dårlegare», 2 «Noko dårlegare», 3 «Som i dag», 4 «Noko betre» og 5 betyr «Mykje betre» (+ «Veit ikkje»). Dei kommunale oppgåvene er:**

**Gjennomsnittsverdi:** 1,00 om alle hadde svart mykje dårlegare, 5,00 om alle hadde svart mykje betre (3,00 er midtpunktet)




*Tal i prosent, n=300*
*Oppgåver lest i tilfeldig rekkefølgje*
*Sortert på «Mykje betre» (verdi 5-1)*

# Korleis vil kommunen løyse desse oppgåvene?

**Korleis trur du kommunen vil løyse desse oppgåvene om det IKKJE BLIR / OM DET BLIR kommunesamanslåing?**

| | OM DET IKKJE BLIR | | | OM DET BLIR SAMANSLÅING | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Verdi 4+5 og verdi 1+2** | **Betre (4+5)** | **Dårlegare (1+2)** | ***Gjennomsnitt*** | **Betre (4+5)** | **Dårlegare (1+2)** | ***Gjennomsnitt*** |
| Barnehagetilbod | 28 | 13 | *3,2* | 24 | 31 | *2,9* |
| Barnevern | 24 | 15 | *3,1* | 23 | 20 | *3,0* |
| Byggesaksbehandling | 25 | 13 | *3,2* | 26 | 25 | *3,0* |
| Gi innbyggarane mogelegheit til å påverke utviklinga i kommunen | 35 | 20 | *3,3* | 17 | 52 | *2,5* |
| Helsetenester | 32 | 24 | *3,2* | 34 | 28 | *3,0* |
| Næringsutvikling | 33 | 23 | *3,1* | 40 | 29 | *3,1* |
| Pleie og omsorg i heimen | 31 | 12 | *3,3* | 21 | 30 | *2,9* |
| Pleie og omsorg i institusjon | 38 | 13 | *3,4* | 26 | 30 | *2,9* |
| Skule og skulefritidsordning | 28 | 21 | *3,1* | 23 | 35 | *2,8* |
| Tilbod innan kultur, idrett og fritid | 29 | 17 | *3,2* | 38 | 23 | *3,2* |
| Økonomistyring | 27 | 22 | *3,1* | 33 | 36 | *2,9* |

*Tal i prosent, n=300. Gjennomsnittsverdi: 1,00 om alle hadde svart mykje dårlegare, 5,00 om alle hadde svart mykje betre (3,00 er midtpunktet) .*

# Eit klart fleirtal er ikkje einig i at Kviteseid kommune og Seljord kommune bør bli ein kommune

**3. Kviteseid kommune og Seljord kommune har ei intensjonsavtale med mål om å etablere ein ny kommune frå 1. januar 2020. Er du einig i at Kviteseid kommune og Seljord kommune bør bli ein kommune?**




*n=300*

- 63 % av innbyggjarane i Kviteseid kommune svarer nei på spørsmålet om Kviteseid kommune og Seljord kommune bør bli ein kommune. Det er eit klart fleirtal av innbyggjarane og signifikant fleire enn dei som synes dei to kommunane bør slå seg saman (34 %).
- Det er ingen signifikante skilnader mellom kvinner og menn eller mellom dei fire aldersgruppene, men det er ein tendens til at dei under 30 år i større grad svarer nei.

| | Mann | Kvinne | 16-29 år | 30-45 år | 46-59 år | 60 år+ |
|---|---|---|---|---|---|---|
| *Base* | *153* | *147* | *59* | *56* | *81* | *104* |
| **Ja** | 33% | 35% | 28% | 34% | 32% | 38% |
| **Nei** | 64% | 62% | 68% | 64% | 64% | 59% |
| **Veit ikkje** | 4% | 3% | 3% | 2% | 4% | 3% |



Innsikt som bringer deg videre

**opinion.no**

Opinion AS
Maridalsveien 13E
0178 OSLO
T: 21 300 400
E: post@opinion.no